

Ark.nr. 412.5 Torsk

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

J. 176/81

Forskrifter om regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle redskaper i 1982.

---

Med heimel i §§ 4 og 6 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene jfr. Kgl. res. av 17. januar 1964 har Fiskeridepartementet 23. desember 1981 fastsett:

## § 1

Det er forbode å driva fisket etter torsk med andre reiskap enn trål eller å ha fiskereiskap stående i sjøen for å fiska etter torsk i området nord om 62° n. br.:

- a) frå 1. til 10. januar 1982
- b) frå 2. til 18. april 1982, og i området nord om 67° n. br.
- c) frå 2. juli til 1. august 1982.
- d) frå 10. til 31. desember 1982.

For fiske etter torsk med snurrevad gjeld forbodet under bokstav a til og med 11. januar 1982 og under bokstav b til og med 19. april 1982.

Forbodet i periodane i første og andre ledd gjeld frå kl. 00 00 første dagen til kl. 24 00 den dagen forbodet held opp å gjelde

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innen forbodstidane tek til, skal dragst så snart råd er etter at verhindringa er over.

## § 2

Forbodet i § 1 gjeld óg sportsfiske på søn- og helgedagar.

Utan hinder av dette forbodet kan det likevel fiskast til eige konsum med stang og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trong for fersk fisk i periodane nevnt i § 1.

Fangst som nevnt i første ledd kan ikkje omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikkje å rekna som handsnøre etter denne paragrafen.

Medan Lofotoppsynet er sett gjeld Fiskeridepartementets føresegner av 6. november 1974 om forbod mot alt sportsfiske på søn- og helligdagar framleis i Lofoten oppsynsområde.

### § 3

Bifangstar av torsk ved fisket etter andre fiskeslag i de periodar som er nevnt i § 1 må ikkje vera større enn 10% i vekt av fangsten i kvar landing.

### § 4

Fiskeridirektøren kan gje føresegner om gjennomføring og utfylling av desse føresegnene.

### § 5

Aktlause eller forsettlege brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

### § 6

Desse føresegnene tek til å gjelde straks.

-----